



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Florø
Dato: 21.11.2022
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte 10.00 til 13.00. Deretter julelunsj.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 15/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 16/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 7/22	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2022		2019/10793
RS 8/22	Ålfotbreen verneområdestyre - Status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 4/2022		2019/4056
ST 17/22	Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av tiltaksplan		2019/10801
ST 18/22	Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler for 2023		2019/4056
ST 19/22	Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2023		2019/2582
ST 20/22	Ålfotbreen verneområdestyre - Instruks for handtering av motorferdselsaker		2019/2582
ST 21/22	Eventuelt		

ST 15/22 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 16/22 Signering av protokoll fra førre møte



Arkivsaksnr: 2019/10793-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	7/22	21.11.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - orienterings saker styremøte

- **Ingen delegerte vedtak sidan førre møte.**
- **Møte i Rådgjevande utval i Florø 3.oktober.**

Litt labert oppmøte, men godt engasjement og godt møte. Styreleiar og forvaltar var til stades.
Referat etter møtet ligg vedlagt.
- **Gapahuk i Førdedalen**

Gapahuk i Førdedalen er endeleg sett opp. Det har gått ein del tid, og over fleire år har det vore brukt tiltaksmidlar til dette lille prosjektet. Ein har møtt på mange utfordringar her som har tatt litt tid å ordne opp i, men no er det endeleg realisert.
Vi reknar oss ferdige med dei store investeringane i Førdedalen no, men vi bør sjå litt på korleis vi kan gjere "naturmøteplassen" attraktiv og marknadsføre den.
- **Nasjonale rammeavtalar om innkjøp av skilt og produksjon av plakatar**

Statsforvaltarens Fellestenester (STAF) har gjennomført anbodskonkurransar om både leveranse av informasjonsskilt i cortenstål og produksjon av plakataner som skal vere på skilta. Vi er tilslutta dei avtalane slik at vi kan nytte oss av dei ved behov. Det gjer det enklare og meir effektivt å kjøpe inn skilt, sidan vi slepp å gjennomføre konkurransar sjølve.
- **Nasjonalparkstatus**

Siste oppdatering eg har fått her er at Statsforvaltaren jobbar med å få til møte med Gloppen kommune. I supplerande vern er det slik at kommunane må vere positive om det skal bli jobba vidare med forslaga.
Det er mange forslag i Vestland, og eg forstår det slik at dei har gjort ei fordeling blant dei tilsette med vern som fagfelt. Ein av seniorrådgjevarane har fått Ålfotbreen "tildelt".
- **Økonomi**

Vi har 115.000 på driftsbudsjettet til styret i 2022. I det tok vi høgde for mellom anna nasjonalparkkonferanse, og det vart det ikkje noko ut av. Til no (før dette møtet) har vi brukt om lag 58.000.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/22	21.11.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - Status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 4/2022

Dokument i saka:

- Oversikt over tiltak med status og forbruk

Generelt

I 2022 fekk verneområdestyret tildelt 300.000 til tiltak. Det var noko mindre enn styret hadde søkt om, og det måtte derfor gjerast nokre prioriteringar. Av totalt 8 omsøkte tiltak vart det i første styremøte fordelt tiltaksmidler til 5 av tiltaka. Gjennom året såg vi at vi trengte noko meir midlar på eit av tiltaka, og då vart oppsetting av fleire informasjonsskilt nedprioritert i 2022. Det betyr at det er 4 tiltak som det har blitt jobba med i år.

Animasjon om geologi

Det tiltaket som har fått mest fokus og midlar i 2022 er animasjonsfilm om geologien i Ålfotbreen. Å få informasjon og kunnskap om geologien i området ut til eit breitt publikum har vore på blokka lenge, og det å få det til i form av ein animasjonsfilm har vore ein draum for forvaltninga i fleire år. Når vi fekk klarsignal for dette prosjektet, so sette vi ned ei arbeidsgruppe. Her hadde vi med ressurspersonar både innan formidling/kommunikasjon, filmproduksjon og geologi.

Arbeidsgruppa utarbeida eit konkurransegrunnlag, som vart sendt ut til 6 aktuelle leverandørar. Av desse leverte 5 tilbod på oppdraget. Blant dei 5 vart Ahead Film&Motion sitt tilbod vurdert som det beste.

Ahead Film & Motion har sidan august/september jobba med oppdraget i samarbeid med geologane i arbeidsgruppa, og med andre lokale resursar. Verneområdeforvaltar har og vore koplå på dette arbeidet. Filmen er no under produksjon, og vil verte ferdig i desember 22 eller januar 23.



Arbeid på stien til Blåbrebu

Her er eg usikker på om det har blitt gjort noko arbeid i felt. Flora turlag tok på seg oppdraget, men har hatt utfordringar med å få personell og kapasitet til å gjere jobben. Vertilhøva i «barmarksesongen» har dessutan vore dårleg, og det har og gjort det vanskelegare å få gjort arbeid i felt.

Merke stien frå Bjørndalen til Gjegnen

Tiltaket vart meldt inn av Keipen turlag. Dei hadde ein god plan for gjennomføring med kostnadsoverslag. Tiltaket var ei ferdigstilling av tidlegare påbegynt arbeid. Arbeidet vart utført etter planen.

Meir parkeringskapasitet i Grøndalen

Forvaltar har vore på synfaring i Grøndalen saman med grunneigar, og laga ein plan. Oppdraget er høveleg for rammeavtalen vi har med Gravdal Skog og Hageservice, som laga parkeringsplass i Grøndalen i fjor. Det er sendt søknad om ny avkøyrsløse til fylkeskommunen (vegeigar langs fylkesveg), men ikkje fått svar enno. Det er aktuelt å gjere avtale om arbeidet på førehand, og få jobben i felt utført neste år.



Arkivsaksnr: 2019/10801-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	17/22	21.11.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av tiltaksplan

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til revidert tiltaksplan vert vedtek, eventuelt med endringar gjort i styremøte.

Saksopplysningar

Kvart år søker verneområdestyret om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane, og for å oppnå dei måla som er sett i forvaltningsplan og besøksstrategi. Tiltaka som vert planlagt og søkt om midlar til, bør vere forankra i planverk, som til dømes ein tiltaksplan.

Ålfotbreen verneområdestyre har ein tiltaksplan som er eit enkelt og dynamisk dokument. Tiltaksplanen er å rekne som eit vedlegg til forvaltningsplanen.

Verneområdestyret brukar å revidere tiltaksplanen enten kvart eller annankvart år. Då kvitterer ein ut og tek vekk tiltak som er gjennomført, tek vekk tiltak som ikkje lenger er aktuelle, og legg til nye tiltak som det har kome innspel om eller som forvaltninga sjølv ser bør gjennomførast. Det hender og at tiltak som allereie står i tiltaksplanen vert oppdatert eller justert i tråd med utført arbeid eller ny kunnskap.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	18/22	21.11.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler for 2023

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer
- Strategi for bruk av tiltaksmidler i verneområder 2020-2025
- Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2023. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtelsplan . Miljødirektoratet sin strategi for bruk av tiltaksmidler ligg vedlagt.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tiltkot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt. Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.



Søknad om tiltaksmidler skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Her er oversikt over dei tiltaka som forvaltninga har sett opp som er mest aktuelle for tiltaksmidler i 2023.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Rydde skog langs skogsvegen i Hope	I og langs skogsvegen som går oppover mot Lavesteinen er det behov for å rydde skog.	25 000
2	Sti til Blåbrebu	Mindre tilretteleggings- og sikringstiltak langs den merka stien frå Grøndalen til Blåbrebu	50 000
3	Skilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelagde skilt, langs stiar og vegar	5000
4	Tilrettelegging Førdedalen	Mindre tiltak i samband med naturmøteplass kor det er sett opp gapahuk	25 000
5	Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	100 000
6	Animasjonsfilm og bre og klima	Bygge vidare på animasjonsfilm produsert i 2022/2023. Filmen skal syne korleis breane har blitt til og korleis dei no er i ferd med å smelte bort	175 000
7	Rydde og merke stiar i Grøndalen	Rydde og merke opp att dei gamle stiane rundt Grøndalen. Helst få til ein rundtur	20 000
8	Sti Åskora - breen	Utbetring av ruta frå Åskora til breen. Her er det behov for å gjere nokre tiltak og utbetringar på det som tidlegare har vore gjort av sikring og tilrettelegging særleg på første delen av stien. Planlegging i 2022, utføring i 2023-	50000
Totalt			450 000

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.

NB: Styret skal og fylle ut skjema for kva ressursar ein ønskjer seg frå SNO i 2023. Verneområdeforvaltar har her fylt ut eit framlegg.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	19/22	21.11.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2023

Dokument i saka:

- Framlegg til driftsbudsjett

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek eit driftsbudsjett for 2023 på kr 86 340,-

Saksopplysningar

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventa kostnadar som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året. Med den saksmengda som Ålfotbreen har, so er det tilstrekkeleg for å handtere og handsame sakene. Det vanlege er derfor å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjerdslø, tapt arbeidsforteneste, reisekostnadar og kostnadar til lokale og servering på møta.



Rådgevande utval

Kostnadane med Rådgevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkast reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgevande utval får ikkje møtegodtgjerdse.

Normalt sett har vi eitt møte i utvalet kvart år. I samband med revidering av forvaltningsplan eller anna planarbeid kan det vere aktuelt med fleire møte i utvalet.

Anna aktivitet i styret

Dersom styret legg opp til studieturar, deltaking på samlingar/konferansar eller liknande, so må det takast høgde for i budsjettet.

I 2023 er det kommune- og fylkestingsval. Det betyr og at det er siste året i styreperioden for det sittande styret. Det vert derfor truleg ikkje lagt opp til nasjonalparkkonferanse eller tilsvarende samling for styremedlemmene nasjonalt.

Forvaltar har heller ikkje lagt opp til studietur eller anna lokal/regional samling sidan det er siste året i styreperioden.

Om styret har ønske eller behov for andre aktiviterar enn det som er lagt inn i framlegget til budsjett, so må de legge dette inn i budsjettet.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 14.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	20/22	21.11.2022

Ålfotbreen verneområdestyre - Instruks for handtering av motorferdselsaker

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til instruks for handsaming av motorferdselsaker vert vedteken, eventuelt med endringar gjort i styremøte

Saksopplysningar

Verneområdeforvaltar ser eit behov for ei generell og prinsipiell gjennomgang av ulike typar motorferdselsaker, og signal frå styret om korleis ulike typar saker skal handsamast. Dette behovet kjem av at det kjem fleire og andre typer saker enn før, og at verneforskrift og forvaltningsplan er noko utdaterte og mangelfulle med omsyn til mange av sakene.

Ålfotbreen verneområdestyre hadde saka oppe på styremøte 3/2022. Det vart då vedteke at saka skulle opp att på neste styremøte, men at ein ikkje såg føre seg ein stor og omfattande gjennomgang av dette. Prosessen med eventuell nasjonalparkstatus er no starta, og ein nasjonalpark vil uansett føre til ei ny verneforskrift. Det har derfor lite føre seg å legge veldig mykje arbeid i dette no.

Verneområdeforvaltar har skrive ein enkel instruks med retningslinjer for korleis ulike typar motorferdselsaker skal handsamast. Instruksen vil vere ei god rettleiing for forvaltar, særleg i delegerte saker.

Verneområdeforvaltar ber styret gå gjennom framlegget til instruks, og gjere eventuelle endringar i styremøte.

ST 21/22 Eventuelt